

Tilbod

- **VEKESOPPHALD:**

Dei barna som har fått påvist nedsett høyrse får tilbod om vekesopphald her ved seksjonen etter behov. Dei får då vere i ei gruppe med andre barn med nedsett høyrse. Her blir barnet observert i ei barnegruppe i ulike situasjonar gjennom dagen. Foreldra får rettleiing ut frå observasjonane slik at dei kan støtte barnet sitt på ein best mogeleg måte vidare i utviklinga. Barnet får også jamleg oppfølging av ØNH-lege og audiograf under desse opphalda.

- **AUDITIV VERBAL TILNÆRMING (AVT):**

Dette er individuell rettleiing til foreldre som har små barn med høyreapparat eller CI. I AVT har vi fokus på høyrse og talespråkleg utvikling og foreldra får rettleiing i korleis dei kan hjelpe barnet sitt til å bruke hørselen som den primære sansen til å utvikle talespråket.

- **SAMARBEID MED PPT OG HELSESTASJON I HEIMKOMMUNEN**

- **KURS OG RETTLEIING TIL BARNEHAGAR**

Helse Møre og Romsdal HF
Ålesund sjukehus
ØNH Audiopedagogisk seksjon
6026 Ålesund
70106076

Ålesund sjukehus

Audiopedagogisk seksjon

Vi ved Audiopedagogisk seksjon gir tilbod om utgreiing av høyrse og hørselsfunksjon gjennom ulike høyreprøver og observasjon. Vi ser også på barnet si språkutvikling knytt til høyrse. Har barnet ditt behov for høyreapparat eller cochleaimplantat (CI) gir vi også tilbod om jamleg oppfølging og rettleiing.

Velkomen til oss!



Kven er vi?

Audiopedagogisk seksjon er ein del av ØNH-avdelinga ved Ålesund sjukehus. For å gi eit heilskapleg tilbod samarbeider vi tett med ØNH-legane og audiografane ved høyresentralen. Vi gir tilbod til barn under skulealder, og vi dekker heile Møre og Romsdal.

Vi jobber i team og består av ulike faggrupper:

- Audiopedagogar
- Spesialpedagogar
- Førskulelærarar
- Miljøarbeidarar
- Kontorfullmektig

Fleire av oss har i tillegg teiknspråkkompetanse, og kan i tillegg rettleie i AVT (auditiv verbal tilnærming).



Tilbod

- **POLIKLINISK VERKSEMD:**
Her utfører vi ulike høyreprøver etter alder og behov; leikeaudiometri, distraksjonstestar, Visual Reinforcement Audiometry (VRA). Vi kan også gjere ei generell språkvurdering.
- **OBSERVASJONSOPPHALD:**
Dette er oftast eit tilbod i forlenging av eit poliklinisk besøk. Er ein i tvil om barnets høyrsel, observerer vi for å kunne vurdere barnet sin høyrsel - og språkfunksjon.
- **HØYREAPPARATTILPASNING:**
Skjer etter påvist, oftast permanent, høyrselstap. Høyreapparattilpasning skjer i samarbeid med ein audiograf.